



Colorado juni og juli 2011



[Tilbake til Rob og Hilds side](#)

Nedanfor ser det eit lite utvalg av alle bileta me tok på ferien i Colorado. Det vart nok av biletet sidan me hadde 4 kamera på deling. Første delen av turen var ei vekes "roadtrip" i sørvest Colorado. Andre delen av turen var ei lita veka "heime" i Lakewood med handling, fyrverkeri (4th of July), bading, og anna.

Ankomst




Hege, Gry Hege og Hild kom fram til flyplassen i Denver seint på kveld og mest samtidig. Hild stod og stirra intenst rundt i folkemengdene på flyplasstoget for å sjå om jentene var i dei andre vognene.... og trur du ikkje dei stod rett framom nasen på henne og ho såg dei ikkje før Gry Hege gav seg til å vinke og le!!

Vi var alle trøytte: Hege og Gry Hege kom frå Valle til Kristiansand til Oslo til Amsterdam til Minneapolis og endeleg framme i Denver. Hild kom frå Ottawa gjennom Chicago - som ein svipptur i forhold!


Ann Kristin var nok den einaste som ikkje var trøytt... så turen gjekk rett heim til huset i Lakewood der me fekk sove ut til eit stykke inn i Sundagen.

Roadtrip!




Etter ein dag med handling for det nødvendige (incl. vatn, brus, juice, sko, og iPad) sette me leigebilen og nasen vestover mot Grand Junction. Ungdommen i baksetet og dei litt eldre framme med Ann Kristin bak rattet.

Som sagt, styrde ungdommen med underhaldninga (ved hjelp av iPod og iPad) medan Hild hadde diverse andre duppeditar å stri med: GPS, mobil, kamera, oppladar for all elektronikken og analoge kart.... ja det gjekk ofte litt i surr.



Aktivitetsnivået i framsetet var generelt "bla bla bla, ta til venstre her, bla bla bla". Aktivitetsnivået i baksetet var generelt "iPad, iPad, iPad, iPad, iPad, iPad, iPad, iPad"



Første dag med køyring såg me mykje moro inkludert fleire "runaway truck ramps" som er meir eller mindre bratte vegar - djupe med sand - slik at lastebilar utan bremser kan få stoppe i dei bratte fjellene i Rocky Mountains.

Me fekk også ei lita innføring i dei mange og høge fjella i området - her omkring byen Frisco. Lake Dillon ligg i framkanten og fjella i bakgrunnen rekk mellom 10.000 og 14.000 fot over havet (3.000 til 4.300 meter).



Me køyde også forbi Climax gruva som Ann Kristin har jobba på ei stund sidan. Me såg dei gamle avfallsdammane frå gruva som har vorte reinska opp så mykje att det no er fisk i vatna. Gry Hege oppdaga også skiltet om at der har vore frimurarar i området.



Det var ikkje akkurat grønt langsetter vegen... grus og stein eller is og snø....



Så kom me opp på den høgaste fjellovergangen på turen vår: Independence Pass (sjå høgaste punktet seinare på Pikes Peak). Hege og Gry Hege prøvde korleis det er å springe på 3.600 meter... dei vart godt nok tunge i pusten så me tok ein matpause med niste frå Subway.



Uansett kor tørt og høgt over havet det var så fann Gry Hege mange fine blomar.


[Link til Independence Pass foreininga](#)



Me stoppa i Aspen ei stund. Der tok Gry Hege og Hege seg ein tur opp taubbanen til toppen av fjellet. Vanlegvis står ein jo på ski her, men det er god utsikt om sommaren også. Ann Kristin og Hild var som vanleg ikkje så modige og gjekk istaden ein liten tur i byen og kjøpte seg noko å drikke på Starbucks.

Der stod også Hild for turens første (og største) flause då ho gløymde sekken/veska si på Starbucks. Heldigvis var det berre ærlege folk i byen den dagen og sekken stod like greitt der då ho kom springande tilbake 20 minutt seinare!!


[Link til Aspen taubbane](#)



Det kom ofte store sukk og stønn og "Å sjå på den!!" frå baksetet når Gry Hege fekk auga på fine og tøffe bilar. Det var ikkje alltid dei var tøffe for det trengs mange hestekrefter til før dei er tøffe. Andre i bilen likte best Volvo, Toyota, og Ford Explorer....



På hotellet i Grand Junction begynte me med ein tur i svømmebassengen - ein trend som kom til å forsette heile turen gjennom. Deretter drog me på ein italiensk restaurant der me fekk vanlege håndklede istaden for serviettar (!!!) og tallerknane var tjokkfylle av mat. Då såg me fort korleis ein må gjere i USA: ikkje et opp alt du får på tallerkenen for du kjem til å sprekke!



Det var mange bilete å ta i Colorado National Monument ikkje langt frå Grand Junction. Vegen svingar skarpt og gjeng gjennom smale naturlege og unaturlege tunnellar. Det er bratt ned til botnen av canyonen og me stoppa mange gonger for bilete. Me var også heldige og fekk med oss ein Bighorn Sheep ver som stod oppe i himmelsynet. Det var godt at Hege hadde zoom linse på sitt kamera.

[Link til Colorado National Monument](#)




Gry Hege og Hege reiste på ein ridetur i området rundt Colorado National Monument (arrangert av Rimrock Adventures). Gry Hege Reid på Butterscotch, Hege fekk Lightning (namnet sa ikkje noko om kor rask hesten var), og guiden hadde favoritten sin: Princess. Det var ein veldig varm dag med 38 grader i sola - så då blir jo dei fleste litt solbrendte. Nok ein gong var tantene kjedelege. Me helsa på dei lokale søte hundane og så fann me ein plass med airconditioning der dei kunne kjøpe iskrem.

[Link til Rimrock Adventures](#)



Ei natt budde me på Twin Peaks motel i Ouray (uttala "Youray"). Der hadde dei både svømmebasseng og hot springs så tre av oss brukte ein del timar på det ja... badenymfene i aksjon.

[Link til Best Western Twin Peaks Lodge and Hot Springs](#)




Så tok me turen til Old Hundred gull gruva utanfor Silverton. Me fekk sjå diverse gruveutstyr, korleis dei drilla, sprengte, fekk steinmassen ned frå tunnellane ovanfor der me var, og så fekk me sjå ein do på hjul! (seiste biletet)

Hild trudde at denne gonga skulle ho endeleg tørre å gå inn i gruva. I fjar måtte ho gje seg og la Ann Kristin dra utan henne for den vesle heisen som gjekk 300 meter rett ned vart litt vel skummel (Molly Cathleen gullgruve i Cripple Creek). I denne Old Hundred gruva skulle me bare sitte på eit tog og køyre 500 meter horisontalt inn i fjellet. Det gjekk for Hild - Hurra!!

[Link til Old Hundred gruva](#)



I Mesa Verde parken budde me på motellet inne i parken. På biletet kosar Hild seg på balkongen. Det var moro å prøve sjølv om standarden var litt låg, veggane syltynne (naboane var ikke gode vener...), og vinden plystra godt i glaskarmen heile natta. Stilig var det likevel med god utsikt - også mot områda som hadde gjenge med i diverse skogbrannar opp gjennom åra.



Me fekk sjå dei fantastiske bygningane som indianarane hadde bygd inn i fjella. Nokre såg me berre på avstand som den store Cliff Palace, men me klatra ned i Spruce Tree House og tilogmed heilt ned i ein Kiva som er anten eit oppholdsrom eller også ein plass der dei hadde spesielle seremoniar.

Me lærte mange interessante ting om korleis indianarane levde først oppe på flatene som bønder fra 500 til 1100 bc. Då var dei opp mot 3000 folk og maatte flytte ned i klippehusa dei bygde for å kunne bruke all jorda til landbruk. Så var det visst ei veldig tørke omkring 1200 talet og då forsvant dei frå dette området og trekte sørover.



Dessutan var Gry Hege og Hild med på ein tur ned i Balcony House. Der var det fleire bratte og lange stigar som måtte forserast. Me måtte også skvise oss gjennom eit par smale og mørke tunnellar og opp trapper grave ut i fjellveggen. Me var heldige for indianarane i si tid hadde ikkje mykje meir enn små hol på storleik med finger og tær for å klore seg fast i på opp- og nedturen.

Gry Hege meldte seg frivillig og blei utpeika til Junior Ranger på turen ned i Balcony House. Ho måtte hjelpe med å leie

vegen, gå først opp stigane og gjennom tunnellane. Ho fekk tilogmed eit lite Ranger-skilt og applaus frå dei andre som var med. Det var moro.

[Link til Mesa Verde](#)



Me stoppa i Pagosa Springs for å kose oss nokre timar i varmekildene deira. Eg trur me hadde minst 15 små basseng å velge mellom. Kvart basseng har plass til omkring 5-10 folk. Temperaturen varierte mellom 30 og 45 celsius (90 og 114 fahrenheit). Gry Hege og Hege likte seg best under 37 grader men det var jo moro å prøve dei veldig varme også. Hild fekk seg mange dukkertar ho også medan Ann Kristin fekk lest store delar av boka si frå sin fine plass under ein parasol.




Her sit jentene og "kosar" seg i 45 celsius vatnet og trur de ikkje Hege så hoppa ut i den iskalde elva ved sidan av!!! Ho er tøff altså!

[Link til Pagosa Hot Springs](#)




Me stoppa ved Royal Gorge og gjekk over denne vendens høgaste hengebru. Det er 320 meter ned til Arkansas elva i botnen. Me tok eit tog ned fjellsida til botnen. Dessutan tok Gry Hege og Hege ein gondolbane over canyonen også. Ann Kristin og Hild gjekk tilbake same vegen dei kom - over bruia.



Denne gongen var det Gry Hege til å vere modig. Ho våga seg opp i det dei kallar ein Skycoaster. Det er som ei stor huske som dei binder deg fast is og så svinger dei deg fram og tilbake mange gonger ut over den 320 meter djupe canyon utanfor!! Det var visst moro som de kan sjå og høre på videoen her:

[Film av Gry Hege på Skycoaster](#)

[Link til Royal Gorge Bridge](#)



Kaktusane stod i full blomst i motsetning til korleis akkurat den same kaktusen såg ut då me var her i april. Dessutan såg me også bisonar, meir sauvar, ekorn, og kolibri fuglar.



Me reiste på ein chuckwagon-dinner på Flying W Ranch ikkje langt frå Manitou Springs (og Colorado Springs). Der fekk me servert cowboy mat på blikktallerkenar og drikke i blikkoppar. Me fekk bønnar, bakt potet, valg av oksekjøtt eller kylling, eplemos, biscuit (som ein bolle), og krydderbrød. Det var ein effektivt og velorganisert serveringsstad for dei klarte å få mat på tallerken til 995 folk på 30 minutt. Me vart grundig instruerte i korleis ein skulle gjere i køen og så gjekk det radigt unna. Det var god mat med påfølgande underhaldning av Flying W Wranglers med ordentleg cowboy musikk.

[Link til Flying W Ranch](#)



Neste dag tok me eit tog opp fjellsida på Pikes Peak. Det gjekk seint men godt slik det bør gjere når det er så styggeleg bratt - og då me endeleg kom opp på toppen så var det ikkje mykje me orka å gjere. Det er så fint lite oksygen på 4.300 meter over havet! Dette vart turens høgaste punkt så nokre bilete fekk me før me snudde og kom ned att med toget.

[Link til Pikes Peak Cog Railway](#)



På vegen heim til Lakewood så stoppa me på Air Force Academy. Me fekk med oss ein liten film om det å gå på AFA i Colorado Spring. Og me svingte også bort til den berømte kyrkja som ser så stilig ut, og stog også og kikka litt på dei heilt nye rekruttane som hadde begynt berre få veker sidan.

[Link til Air Force Academy](#)



Når me endeleg kom heim frå köyreturen så var me heller slappe alle saman. Me trengte litt avslapping med å bygge puslespel og leike på iPad-en til Gry Hege.... men ikkje før Hundane fekk litt mat.



Same kvelden klarte faktisk Gry Hege, Hege, Alvaro, og Ann Kristin å samle ihop nok krefter til å reise på fyrverkeri i anledning nasjonaldagen 4de juli. Det var visst moro med funnel cake (kake mest som smultringar) - men det fekk altså ikkje Hild med seg...

Etter at Hild reiste heim til Ottawa så hendte det visst ein del meir, men dei bileta har eg ikkje (endå). Det dreide seg mykje om handling/shopping, og bading på det gedigne Waterworld, og bowling - og pakking for Gry Hege og Hege måtte også snu nasen heim etter to moroe veker på tur. Mykje aktivitet og mange



minne samla og nokre færre kroner i lommene - slik
skal ein god ferie vere.

[Link til Waterworld](#)



**Hild
juli 2011**

RHP
&
HLR

[Back](#) | [Top of page](#) | [Forward](#)

RHP
&
HLR